

Fra: Laila Bjørge <laila.bjorge@alver.kommune.no>

Sendt: 30.08.2023 13:29:53

Til: 'bentehvidsten@hotmail.com' <bentehvidsten@hotmail.com>

Emne: innvilga utsett frist for møkakjøring til 10.september 2023

Bakgrunn

Ove Hvidsten har på telefon 30.08.23 søk tom utsett frist for å kjøra ut møk til 10 september 2023

Han har på grunn av veret ikkje vorte ferdig med håslåtten, men skal prøva å få gjort det i godværsperioden som er meldt

Han har kyrne ståande inne om natta og har ein del oksar som og står inne om sommaren.

Det er tal om 100 m3 med storfegjødsel.

Innvilga utsett frist for møkakjøring.

På grunn av dei vanskelege verforholda denne sommaren og forsinka håslått får du utsett frist til 10.september med å kjøra ut gjødsel.

Om hausten er fare for avrenning større enn vanleg. Ver obs på at styrtregn kan vaska møka ut i vassdrag og de må difor ta ekstra omsyn i nærleiken av elvar og vassdrag. Me rår til at de ikkje gjødsler nærare 6 meter frå vassdrag. Det vil vera ein fordel at møka vert spreidd så tynt som råd.

Det vil vera bra om du får møka ut så raskt som mogleg etter håslåtten.

Med venleg helsing

Laila Bjørge

Avdelingsleiar landbruk

Telefon: 56 171185/957 35 405

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no



ALVER
KOMMUNE